



Ein leiar i staten...

... forvaltar og utviklar fellesskapets ressursar

Leiarar i staten er forplikta på demokratiske og rettsstatlege verdiar ubunde av kven som sit med makta. Leiarane forvaltar ressursane på vegner av dagens og morgondagens innbyggjarar og oppnår resultat til beste for fellesskapet.

... er reiskap for folkevalde styresmakter

Leiarar i staten er lojale mot politiske avgjerder, samtidig som dei har lojalitet i forhold til innbyggjarane. Leiarane varetek fagleg integritet og medverkar til opplyste og kunnskapsbaserte avgjerder.

... sørgjer for openheit og involvering

Leiarar i staten sørgjer for at kontakt med innbyggjarar og brukarar byggjer på openheit, dialog og klart språk. Leiarane stimulerer til medråderett og medverknad for dei tilsette og deira organisasjonar.

... samarbeider på tvers av etatar og sektorar

Leiarar i staten utviklar forvaltninga slik at denne vert prega av ein løysingsorientert kultur for samarbeid og endring.

... skaper attraktive arbeidsplassar

Leiarar i staten utnyttar, held ved like og vidareutviklar kompetanse og mangfald i sine verksemdar. Leiarane tar i bruk ny teknologi og varierte arbeidsformer.



FÖRNYINGS- OG
ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET